

*Bokhandleren
i Kabul*

Å krysse grenser – mellom fakta og fiksjon

☛ Åsne Seierstads bok *Bokhandleren i Kabul* (2002) er ei mykje lesen og omtalt bok. Ho har seld i 250 000 eksemplar berre i Noreg. Boka er omsett til 40 språk, og ho låg i over 40 veker på bestseljarlista til The New York Times. Boka er også på fleire måtar omstridd. *Bokhandleren i Kabul* er ei dei mange bøkene i samtida som kryssar grenser mellom fakta og fiksjon, levd liv og dikta røyndom. Seierstad skriv om verkelege menneske og hendingar – i eit språk som nærmar seg skjønnlitteraturen.


☛ Dette skapte furore. Kor går grensene mellom to grunnleggjande menneskerettslege prinsipp – ytringsfridom og vern mot krenkingar? Den verkelege bokhandlaren i Kabul gjekk til rettssak, ein sak forfattaren

A black and white close-up portrait of Åsne Seierstad, the author. She is looking slightly upwards and to the right with a thoughtful expression. Her hair is pulled back, and her features are clearly defined against a light background.

*Forfattaren Åsne Seierstad
Foto: Luca Kleve-Ruud /
Samfoto Dagsavisen / Scanpix*

og forlaget tapte i 2010. Dommen vart rett nok omgjord av lagmannsretten i 2011.

☞ I 2013 gav Seierstad ut boka *En av oss* om 22. juli og Anders Behring Breivik. I denne boka går ho tett inn på sentrale personar i familien og omgangskrinsen til Breivik. Også denne boka vart kritisert av kjelder som meinte seg feilsiterte og misbrukte av forfattaren.



*Shah Mohammad Rais, den verkelege bokhandlaren i Kabul, på Gardermoen på veg til rettssak mot forfattaren.
Foto: Thomas Björnflaten / TT / Scanpix*

Krigen og krigslagnadene

☞ **Åsne Seierstad** (1970–) er journalist og forfattar. Ho er utdanna ved Universitetet i Oslo og har studert faga idéhistorie, spansk og russisk. Seierstad har jobba som journalist i Arbeidarbladet og var stasjonert i Russland frå 1993 til 1996 og i Kina i 1997. Mest kjend er ho nok som journalist for NRK Dagsrevyen der ho har dekt ulike krigar – mellom anna i Kosovo, Afghanistan og Irak.



Høyr Åsne Seierstad rapportere frå Bagdad dagen etter at den amerikansk-leidde koalisjonen starta okkupasjonen av Irak

☞ I tillegg til å rapportere som journalist har Seierstad skrive fleire sakprosaverk om erfaringane sine frå – og opplevingane i – krigsherja område. Dei 14 portretta i *Med ryggen mot verden: Portretter fra*

Serbia (2000) – er portrett av menneske frå ei omstridd folkegruppe under krigen i det tidlegare Jugoslavia. Lagnadene blir følgde vidare i oppfølgjaren *Med ryggen mot verden – fremdeles* (2005). *Hundre*



Åsne Seierstad les frå boka «*Hundre og én dag*»

og én dag (2003) er ei reportasjebok frå Irak. Seierstad

var i landet då USA gjekk til åtak i 2003. Ho skriv om det som skjedde før, under og rett etter invasjonen. I *x* (2007) er det



Åsne Seierstad les frå boka «*De krenkede*»

krigslagnadar frå Tsjetsjenia Seierstad skriv om.

☛ Seierstad har vunne fleire prisar for det modige arbeidet ho gjer som journalist og forfattar, mellom anna Fritt Ords Honnør (2001), Bokhandlerprisen (2002) og svenske Årets Frihetspenna (2010). I grunngevinga for tildelinga av den siste prisen står det at ho får prisen for si

«grunnleggjande og urokkelege tru på trykkje- og ytringsfridomen».



Åsne Seierstad mottok Bokhandlerprisen for 2002 for boka «*Bokhandleren i Kabul*». Kulturminister Valgerd Svarstad Haugland gratulerer.

Foto: Terje Bendiksby / NTB / Scanpix

Bokhandleren i Kabul – eit familiedrama

☛ Taliban, ei radikal islamistisk rørsle, styrte Afghanistan med jernhand i perioden 1996 til 2001. Etter terroråttaket 11. september 2001 invaderte amerikanske og britiske styrkar landet, og Taliban-regimet mista makta vinteren 2001. Våren etter bur Åsne Seierstad hos ein bokhandlar og familien hans, som ho i boka kallar Khan, i Kabul. Familien består av bokhandlaren sjølv – kalla Sultan Khan – dei to konene hans, barna deira, Sultans systre, broren, mora og nokre fetrar.

☛ Seierstad skildrar eit Afghanistan, og ein familie, i ein overgangsperiode – i ein bokstaveleg talt ny vår. For gradvis blir no Afghanistan modernisert. Den strenge kontrollen, frå tida før og under Taliban-tida, blir mjuka opp. Seierstad følgjer



*Shah Mohammad Rais i bokhandelen sin i Kabul.
Foto: Tor Arne Andreassen / Aftenposten / Scanpix*

familien i kvardagen: i bryllaup, på skulen og i hammamen – det offentlege badet. Ho følgjer Sultan Khan på forretningsreisene hans, og sonen hans på ei pilegrimsreise.

☛ Det er eit brutalt og herja samfunn Seierstad skriv om. Forfattaren tek somme tilbakeblikk til tida da landet var okkupert av Sovjetunionen, og til tida under Mujahedins makt. Mujahedin var islamistiske

motstandsørslar som i kampen mot Sovjet vart støtta av USA. Men mest av alt er landet i 2002 prega av tida under Taliban. Krig, dødsstraff, pisking og steining – stadige truslar og redslar under skiftande fiendebilete og alliansar – har prega Afghanistanstans historie og folk.



*Butikken til bokhandlaren i Kabul.
Foto:
Tor Arne
Andreassen /
Aftenposten /
Scanpix*

☞ Men først og fremst handlar boka om kvardagen til familien Khan heime i leilegheita i Kabul. Familien Khan er ingen typisk afghansk familie. Familien tilhører det ein kan kalle ein middelklasse i eit land som elles er prega av store skilnader mellom rike og fattige – dei fleste afghan-

arar er fattige analfabetar. Familien Khan er relativt velstående, og fleire i familien har utdanning. Seierstad skriv sjølv at årsaka til at ho valde denne familien, er at han inspirerte henne. Familien gjorde også forteljinga mogleg gjennom at dei tok imot henne og lét henne få leve tett innpå seg. Dette gav forfattaren eit unikt innblikk i kvardagen og røyndommen til familien.

☞ Men i tillegg til å late seg inspirere har Seierstad som frigjord vestleg kvinne også late seg provosere i møtet med eit undertrykkjande kvinnesyn. Afghanske kvinner lever som offer i ei verd der menn har all makt. Også i samfunnet elles, og i lovverket, blir kjønna behandla ulikt. Da for eksempel overhovudet i familien, Sultan Khan, ønskte seg ei kone til – ei ung og vakker ei – måtte den første kona hans akseptere å dele heim med rivalen sin.

«Ei litterær form»

☞ Researchmetoden Seierstad har brukt, kan kallast «deltakande observerande intervju» – ein metode som gir grundig innblikk i – og innsikt i – tankane og kjenslene til intervjuobjektet. Seierstad har levd tett på, observert og delteke i liva til og intervju medlemmene i familien Khan. Deretter har ho valt å skrive forteljinga i det ho omtaler som ei *litterær form* som blandar element frå både sakprosaen og skjønnlitteraturen, fakta og fiksjon. Dette kan kallast ein *faksjonstekst*. Litt forenkla kan ein seie at *innhaldet* i *Bokhandleren i Kabul* er basert på fakta. Den språklege utforminga, vinkling og komposisjon, er derimot prega av skjønnlitterære grep.

☞ I forordet gjer forfattaren greie for prosjektet sitt, så trekkjer ho seg tilbake frå forteljinga. Ein kan seie at boka har ein



Shah Mohammad Rais med familien i Kabul.
Foto: Kjell Odegard / TT / Scanpix

allvitande forteljar, med vekslande synsvinkel. Forfattaren lèt personane sjølve fortelje historiene sine, men forteljarrøyst og synsvinkel varierer frå kapittel til kapittel. Tankar og kjensler blir ofte formidla i form av indre monologar. «Hun savner Sultan forferdelig når han er borte. De andre i familien er ikke så hyggelige mot henne når mannen ikke er der», tenkjer for eksempel den yngste kona.

Å konstruere røyndom

☛ Det Seierstad gjer, å krysse grenser mellom fakta- og fiksjonstekst, er typisk for mange tekstar, i ulike medium, i samtida. I reality-tv blir røyndommen arrangert – vi kan snakke om ein *konstruert* røyndom eller *pseudorøyndom*. Den prislønte amerikanske regissøren Michael Moore (1954–) regisserer også røyndommen, med eit stramt og klart politisk forteljargrep, i dokumentarfilmene sine *Bowling for Columbine* (2002) og *Fahrenheit 9/11* (2004). Og Karl Ove Knausgård har skapt debatt med romanane sine – da verkelege personar har kritisert han fordi dei opplever at dei har vorte karakterar i fiksjonsuniverset hans. Seierstad sjølv er inspirert av den polske journalisten Ryszard Kapuściński (1932–2007), som i reportasjebøkene sine

skriv personleg, og i utstrekt grad bruker litterære grep og verkemiddel.

☛ To utfordringar oppstår som følgje av Seierstads sjangerval – eller sjangerblanding. For det første: Er teksten truverdige? Når ho går «inn i» hovudet på karakterane sine, kan vi stole på at ho har klart å gjengi akkurat det dei har tenkt og følt? For det andre: Kva etiske implikasjonar har ei slik sjangerblanding? Kor går grensa for *kva* ein kan skrive om? Og *korleis* kan ein skrive om reelle personar og verkelege hendingar?



Åsne Seierstad fortel frå eit av kapitla
i «Bokhandleren i Kabul»

